



Heine Fyllingsnes
Litlevågsbrotet 9
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1853 - 19/1645

Saksbehandlar:
Inga Lill Holen
inga.lill.holen@meland.kommune.no

24.01.2019

Oppfølging av førehandsvarsel om retting og ilegging av tvangsmulkt - GBNR. 15/6

Meland kommune er kjent med at det er framandelement på septiktanken på eigedom gbnr. 15/6. Etter det kommunen er opplyst om har den og dårleg lokk.

Eigar har fått informasjon om tilhøvet, og vart i utgåande skriv datert 02.07.2018, førehandsvarsla om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt med ein frist satt til 01.08.2018 for å rette opp i lokket, og med ein frist innan neste tømning å få det ulolege tilhøvet med framandelement opphøyr. I skrivet er det spesifisert at kommunen må underrettast skriftleg når dei ulovlege tilhøva har opphøyr. Etter førespurnad vart fristen utsett og satt til 01.09.2018.

Meland kommune har ikkje fått melding innan fristen som vart satt. Kommunen ber difor om ei skrifteleg tilbakemelding når tilhøvet er retta opp i **innan 06.02.2019**, ved at skjemaet for tilbakemelding er utfylt.

Dersom omstenda ikkje blir utbetra innan ovannemnde frist, og kommunen ikkje har motteke dokumentasjon på dette innan fristen, vil Meland kommune vurdere å fatte vedtak der vi pålegg dykk å rette opp i tilhøva, og der vi ilegg dykk tvangsmulkt dersom ikkje krav i påbodet vert etterfylgt. Pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt vil i så tilhøve bli gitt i særskild vedtak ved utløp av fristen **06.02.2019**.

Elles visast det til førehandsvarselet, då dette brevet er kun ei påminning av det som går fram av varselet du allereie har motteke.

Med helsing

Inga Lill Holen
juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Mottakere:
Heine Fyllingsnes

Litlevågsbrotet 9 5913

EIKANGERVÅG